



DEN NATURVENNLEGE HAGEN

SLIK HJELPER DU NATUREN
I DIN EGEN HAGE

Utgitt av

Naturvernforbundet, 2020

Revidert, 2025

Tekst: Jorunn Vallestad

Layout og illustrasjon:

Helene Moe Slinning, Strøk design

Trykk: Artko

Utarbeida med økonomisk støtte

frå Miljødirektoratet og

Oslo kommune

2. opplag

 **Naturvernforbundet**

INNHALD

Plant mat til insekta	4
Gi insekta ein stad å bu	6
Inviter villblomane inn i hagen	8
Unngå torv i hagen	10
Unngå pøbelplanter i hagen	12
Dyrk din eigen mat	14
Bygg fuglekasse	16
Mat fuglane om vinteren	18
Bygg ein flaggermuskasse	20
Hage utan gift	22





Få ein vakker, frodig, kvitrande og summande hage til glede for både deg sjølv og naturen.

Fordi dei naturlege leveområda til mange planter og dyr blir bygd ned, blir den menneskeskapte naturen viktigare. Med enkle grep kan du gjere ein forskjell for trua artar, om du har ein stor hage eller ein liten balkong. Her gir vi deg ti tips til korleis du kan invitere dei ville artane inn i hagen, samtidig som du unngår at hagen din skadar naturen rundt. Lykke til!

INSEKTA TRENG POLLEN OG NEKTAR



STERKT
TRUA

KLØVERHUMLE

Bombus distinguendus

Fem av Noregs 35 humleartar er trua av utrydding. Den det står verst til med er kløverhumla, som er sterkt trua, og no berre finst nokre få plassar på Austlandet og i Trøndelag. Kløverhumla er ei stor og vakker, gullfarga humle med eit svart tverrband mellom vingefestene. Som namnet tilseier er den glad i raudkløver.

PLANT MAT TIL INSEKTA

Du treng ikkje ein stor hage for å hjelpe humlene. Ein liten verandakasse med lavendel, lyng og blomkarse kan vere eit viktig matfat for ei sliten byhumle og andre insekt. Sidan humlene treng mat heilt frå dei vaknar om våren og til dei går i dvale om hausten, er det lurt å tilby forskjellige planter med ulik blomstringstid.

Dei fleste humlene pollinerer mange forskjellige blomar, men det finnes også dei som har spesialisert seg på nokon få. Felles for fire av dei fem trua humleartane våre er at dei har lang tunge, og dermed er spesialisert på planter der nektar og pollen sit langt nede i blomsten, som raudkløver, ertebloomst, blomkarse og vikker.



VISSTE
DU AT

Insekt treng også drikke. Du kan hjelpe ved å sette ut ei lita skål med vatn og steinar som dei kan sitte på.

DERFOR ER POLLINATORANE VIKTIGE

Vi kan takke pollinatorane for nesten ein tredjedel av maten vår! Når dei flyr frå ein blome til den neste, får dei med seg pollenkorn som befruktar planten sånn at den kan danne frø og frukt. Her i nord er humlene spesielt viktige. Dei er tilpassa det kalde klimaet vårt og kan vere aktive både i sludd og gråvær. Vi kan takke humlene for blåbæra i skogen, at høgfjellsplantene våre blir bestøva, og at vi har norsk eple-, agurk- og tomatproduksjon.

Dessverre er mange pollinatorar trua av nedbygging av natur, meir intensivt landbruk og tap av blomsterenger. Når dei naturlege leveområda forsvinn, blir hagane og balkongane våre viktigare som matkjelde og leveområde for humler, bier og andre insekt.

≡ PLANTETIPS ≡

Hageplanter som insekta likar.

• VÅR •

Julerose
Krokus
Perleblomst

• SOMMAR •

Blomkarse
Erteblomst
Lavendel
Purpursolhatt

• HÅUST •

Ringblomst
Oregano/bergmynte
Høstlyng

For tips til plantar,
se blomstermeny.no

✓ VISTE
DU AT ✓

Både sommarfuglar, biller
og fluger også kan vere
pollinatorar.





Humler lagar koloniar og vil ikkje bu i insekthotell. Skal humlene flytte inn, må du bygge einebustad i form av ein humlekasse. Oppskrift på humlekasse kan du finne hos www.lahumlasuse.no

GI INSEKTA EIN STAD Å BU

Dyr som mariehøner, gulløye og edderkoppar er nyttige å ha i hagen. Dei held kontroll på bladlus og andre småkryp som elles kan opptre som skadedyr. Bier, veps, sommarfuglar, humler, biller og blomsterfluger er viktige pollinatorar. Mange insekt er også verdifulle nedbrytarar og matkjelde for andre dyr. For å legge til rette for dei gode hjelparane og skape eit stort mangfald i hagen bør du sørge for at insekta har ein plass å bu.



Solitære bier lever aleine og ikkje i store samfunn, slik som humlene og den tamme honningbia. Vi har 200 artar av ville bier i Noreg. Ein tredjedel av desse er utdryingstrua.

⇒ DETTE KAN DU GJERE ⇒

- Bevar død ved og gamle tre i hagen din, dette er bustad for mange insekt.
- Skal du likevel hogge eit tre, kapp berre toppen og la ein høgstubbe stå igjen. Stammen vil langsamt brytast ned og bli ein super bustad.
- Ha eit vilt hjørne i hagen der gras, blomar og kratt får vokse fritt, og kvist og kvast får ligge. Daude greiner og strå dannar naturlege leveområde for insekt.
- Lag eit insekthotell. Det gir solitære bier ein trygg plass å legge egg sine.



SLIK BYGGER DU INSEKTHOTELL

- Fantasi, materiale og plass er det einaste som set grenser for eit insekthotell. Det kan bestå av ein enkel trestokk med hol i, eller byggast opp til eit stort «hus» som vist her.
- Du kan til dømes bore seks til ti cm lange hol i trestokkar og gammal murstein. Diameteren på hola bør vere forskjellige. 4, 6 og 8 mm er passe.
- I andre delar av hotellet kan du plassere hole stenglar og strå. Takrøyr, kvann, løpstikke, sibirbjørnekjeks, bambus og hyll er planter som eignar seg godt.
- I tillegg kan du fylle insekthotellet med kongler, barkbitar og tørt gras.
- Fest netting framfor det som sit laust, så hindrar du fugleangrep.
- Sørg for eit godt tak som beskyttar mot regn og vind.
- Ikkje mal, lakk eller impregner insekthotellet.
- Plasser insekthotellet på ein lun og solrik plass i hagen der det er god tilgang på blomar, gjerne inntil ein vegg.
- Plasser helst nokon små leirklumpar i eller ved insekthotellet. Leira brukar insekta til å mure igjen holet der dei legg egg. Attmurte hol tyder på gjestar i hotellet!

INVITER VILLBLØMANE INN I HAGEN

For ei humle eller ein sommarfugl på leiting etter mat er ein nyklipt plen som ein ørken. Har du hage er det viktig å ta vare på dei ville blomane. Trea gir også viktig mat til insekta. Om våren er gåsungane på selje den aller viktigaste matkjelda til mange humler. Kløver, prestekrage, blåklokke og raud jonsokblom er eksempel på kjente blomsterartar som er viktige for mange pollinatorar seinare på sommaren.

ENKLE TILTAK I HAGEN

- La det gå litt lengre tid mellom kvar gong du brukar plenklipparen, så løvetanna rekk å blomstre.
- Still inn plenklipparen på høgaste nivå, slik at kvitkløver og andre låge blomar blir ståande att.
- Klipp gjerne forskjellige delar av plenen på forskjellig tidspunkt, sånn at det alltid vil vere stadar med litt langt gras og blomar der humler og andre insekt kan finne mat.
- La vere å luke løvetann og andre blomstrande «ugras» i plenen. Det vi kallar ugras kallar biene mat!
- Leik deg med å forme uklipte "engområde" på plenen til sirklar eller hjarter.





SLÅTTEMARK

Slåttemarkene er artsrike blomsterenger som har blitt skapt i kulturlandskapet gjennom årleg slått og hausting, utan at dei har blitt gjødsla. Med eit meir intensivt drive landbruk og gjengroing av areal som ikkje er lønsamt å drive, blir slåttemarkene færre. Dette skapar problem for mange trua planter og insekt som lever der. Slåttemark står derfor som kritisk trua på raudlista over trua naturtypar.

≡ PLANTETIPS ≡

Eit utval artar til blomstereng

- Prestekrage
- Engnellik
- Engtjæreblom
- Karve
- Tepperot
- Engknoppurt
- Raudknapp og blåknapp
- Bakketimian
- Oksetunge
- Skogkløver
- Raud jonsokblom



Når ei blomstereng først er etablert er den langt mindre arbeidskrevjande å vedlikehalde enn ein plen. Alt du treng å gjere er å slå den ein gong for året og fjerne graset.

LAG EI BLOMSTERENG

1. Finn ein lysope del av hagen som er næringsfattig, eller fjern det øvste jordlaget på plenen (20-40 cm) og bland inn rikeleg sand og grus.
2. Oppsøk blomsterenger eller vegkantar i nærområdet om sommaren og merk dei blomane du vil ha i blomsterenga di.
3. Dra tilbake og haust frøa ein tørr dag i august når frøa har blitt brune og tørre. Bruk papirpose. Ikkje plukk frø av framande artar, eller av artar som er utrydningstrua.
4. Så frøa på bar næringsfattig og sandhaldig jord med ein gong, eller oppbevar dei kjølig, mørkt og tørt gjennom vinteren og så dei på våren.
5. Vatn godt og jamt det første året.
6. IKKJE tilfør gjødsel. Det som gjer slåttemarka så artsrik og verdfull er nettopp det at den ikkje får tilført næring. Gjødslar du, vil gras og løvetann ta overhand.
7. Slå enga på seinsommaren når det meste er avblomstra. La graset ligge og tørke eit par dagar før du fjernar det, slik at det ikkje blir tilført næring til blomsterenga.
8. Vær tålmodig. Mange fleirårige planter brukar dei første åra på å etablere seg. Først etter fleire år vil blomsterenga vise sitt sanne potensial.



UNNGÅ TORV I HAGEN

LAG EIEGEN KOMPOST

Visste du at mykje av plantejorda du finn på hagesentera slettes ikkje er jord, men opp til 100% torv? Torv er enkelt fortalt øydelt myr. For å ta ut torv blir myrer drenert og torva gravd ut. Leveområdet til ei lang rekke dyr og planter blir øydelt, og enorme mengder CO₂ blir sleppt ut i atmosfæren.

Uttak av torv til bruk som hagejord er ein av fleire truslar mot myrene – ein trussel som burde vere heilt unødvendig. Torv inneheld nemleg ingen næringsstoff som plantene dine treng. I hagen vil du kunne få minst like frodige planter ved å bruke kompostjord og anna torvfri jord. Du kan ganske enkelt lage din eigen kompost av matavfall og hageavfall.

DETTE KAN DU GJERE

- Sjekk om det lokale avfallsanlegget ditt sitt sel kompostjord
- Spør etter torvfri jord neste gang du er på hagesenteret
- Lag din eigen kompost



MYRFLANGRE

Epipactis palustris


Myrflangre er ein vakker orkide som veks i myr. Den kan bli 40 cm høg, med 10-15 kvite blomar med rosa, raudbrune og gule felt. Dessverre er den no sterkt trua av utrydding på grunn av grøfting, drenering og oppdyrking av myrene den lever på. Og den er ikkje den einaste trua arten som er avhengig av det stadig minkande myrarealet. 289 trua artar lever i våtmark i Noreg, mange av dei på myr.

VI SSTE DU AT

I motsetnad til torvjord, som ofte må skiftast ut kvart år, kan kompostjord gjenbrukast år etter år så lenge ein berre tilfører litt ny kompost.

LAG DIN EIGEN KOMPOST

Det aller beste for hagen og miljøet er å lage si eiga kompostjord. Kompost er den beste næringa du kan gje plantene dine. Som ein bonus får du utnytta mat- og hageavfall som den ressursen det er, og redusert klimagassutslepp frå transport, kunstgjødselproduksjon og øydelegging av myr. Både matavfall og grøntavfall frå hagen kan brukast til å lage kompost, og det finst ein kompostmetode som passar for dei fleste, til og med for deg med liten leilegheit og balkong. Kaldkompost, varmkompost, bokashi og markkompost er gode søkeord for å finne ut kva type kompost som passar for akkurat deg.



UNNGÅ PØBELPLANTER I HAGEN

Framande artar er planter og dyr som har spreidd seg utanfor sitt naturlege leveområde ved menneskeleg hjelp. Dette inkluderer dei aller fleste av våre vanlege hageplanter, men det er heldigvis ikkje alle som er problematiske. Problemet kjem når plantene spreier seg raskt ut av hagen og utkonkurrerer ville planter i naturen. Det er då vi kallar dei pøbelplanter eller hagerømlingar. Nokon framande artar er så skadelege for naturen at det no er forbod mot å selje dei. Viss du har desse plantene i hagen må du sørge for at dei ikkje spreier seg, t.d. ved å fjerne avblomstra blomar før dei rekk å sette frø. Det er ikkje lov å gje dei til andre hageeigarar eller å kaste hageavfall i naturen. Det tryggaste er å fjerne og levere dei inn til ein avfallsstasjon.

Mange artar som framleis kan kjøpast på hagesenter bør du også unngå. Vi anbefaler å unngå framande artar i kategoriane potensiell høg, høg og svært høg risiko på framandartslista.

DETTE BØR DU GJERE

- Ikkje kjøp framande artar som kan skade norsk natur.
- Sjekk framandartslista om nokon av artane du allereie har i hagen er risikoartar.
- Fjern risikoartar eller sørg for at dei ikkje spreier seg.
- Ikkje del høgrisikoartar med naboen.
- Kast aldri hageavfall i naturen.
- Hjelp til med kartlegginga – rapporter inn framande artar i naturen på artsobservasjoner.no.

≡ VERSTINGAR ≡

Her er 10 av verstingane du bør unngå eller fjerne:



RYNKERØSE



SØLVARVE/FILTARVE



HAGELUPIN



PARKSLIKERNE



RAUDHYLL



GRAVMYRT



KJEMPESPRINGRO



KJEMPEBJØRNEKJEK
OG TROMSØPALME




KANADAGULLRIS



PRYDSTORKLOKKE

FRAMANDE ARTAR TRUAR NORSKE ARTAR



KVITMURE

Dryocallis rupestris

Kvitmure er ein sterkt trua art som berre finst på fem stadar i Oslofjordområdet. På ein av desse er den no trua av ein innført framand art – gravmyrt. I motsetnad til kvitmuren høyrer ikkje gravmyrt heime i norsk natur, men spreier seg med stor fart frå hagar og ut i naturen. Dessverre er ikkje denne historia unik. Til saman er over 300 framande artar vurdert å utgjere ein høg eller potensiell høg risiko for norsk natur, og mange av dei vil du kjenne att som vanlege hageplanter.



Å ha tre i hagen er bra for insekt og fuglar, og dei kan gje oss god mat og opplevingar, som epleplukking og treklatring.

DYRK DIN EIGEN MAT

Den aller mest miljøvennlege maten er den du dyrkar sjølv, utan bruk av kunstgjødsel eller sprøytemiddel. Intensivering av jordbruket er ei viktig årsak til tap av natur og artar. Transport og bruk av kunstgjødsel fører også til store klimagassutslepp. Dyrkar du sjølv kan du få kortreist, økologisk mat med ein minimal belastning på naturen. I tillegg smakar mat du har dyrka sjølv nesten alltid betre enn den du kjøper på butikken, og det er sannsynleg at matsvinnet vil gå ned.

DYRK BYEN

Det er ikkje all mat du treng god plass for å dyrke. Mange matplanter kan plantast i blomsterpotter på balkongen eller i vindaugsarmen. Kanskje kan burettslaget sette opp eit par dyrkekassar på fellesarealet?

Slike grøne lunger i byen er til stor glede og nytte for både menneske og dyr. Fleire plassar i landet kan du søke kommunen om støtte til slike prosjekt.



ENKEL MAT Å DYRKE SJØLV

Du treng ikkje å vere ein ekspert med grønne fingrar for å dyrke din eigen mat. Begynn i det små, prøv deg fram og vel noko du likar. Her har vi tips til nokon enkle artar å starte med.



SALAT av ulike typar kan såast i pottes eller små dyrkekassar på balkongen. Tynn i rekkene ved å plukke nokon som baby-leaf-salat, hugs å vatne, og la resten stå til dei blir større.



POTETER er magiske. Grev du ned ei potet i jorda rundt 17. mai, er sjansen stor for at du kan grave opp ti gongar så mange i haustferien. Det einaste du treng å gjere i mellomtida er å fylle på litt ekstra jord eller kompost rundt plantene når dei byrjar å bli store, og vatne viss det blir veldig tørt.



TOMATAR treng kvar si store potte med jord, tilførsel av næring, ein lun plass i solveggen, og vatn nesten kvar dag om sommaren. Klarar du å gje dei det, kan du glede deg over solmodne tomatar langt utover hausten.



REDDIKAR brukar kort tid frå du sår og til du kan hauste dei små, sprø og knasande gode delikatessene. Sår du nye frø kvar 14. dag kan du ha reddikar gjennom heile sommaren.



URTER som timian, persille, basilikum og oregano kan du så sjølv i vindaugskarmen eller ute i bedet om sommaren. I tillegg til å krydre maten din er mange urter også humlefavorittar.



SUKKERERTER passar godt i ein avlang blomsterkasse på balkonggolvet. Med litt hjelp i form av hyssing eller anna dei kan feste slyngtrådane sine rundt, kan du i løpet av sommaren få eit grønt og frodig rekkverk på balkongen.



BYGG FUGLEKASSE

Mange fuglar treng eit beskytta holrom å bygge reir og legge egg i. Dei naturlege reirplassane deira er i hule tre i skogen, som har blitt færre på grunn av intensivt skogbruk. Då er det fint å vite at vi alle kan hjelpe dei ved å ta vare å trea i hagen og snekre og henge opp fuglekassar! Å snekre fuglekassar er gøy for både små og store, og som takk for hjelpa får du hyggelege, kvitrande naboar.



STARE (STÆR)

Sturnus vulgaris

Store storeflokkar var tidlegare eit vanleg syn og eit sikkert vårteikn over store delar av landet. No er det lengre mellom dei store flokkane, og kvar vår kjem det litt færre tilbake enn året før. Over heile Europa er staren i tilbakegang, og den har fått kategorien *Nær trua* i den norske raudlista over trua artar. Staren trivst i ope kulturlandskap og hagar og hekkar gjerne i fuglekassar.

≡ TIPS OG TRIKS ≡

- Fuglane byggjer reir, finn mat og kan kvile i trea. Derfor burde du la trea i hagen få stå.
- Fuglekassen kan hengast i eit tre eller på husveggen. Har du kattar i nabolaget, er husveggen best, der kattar ikkje klarar å klatre.
- Passeleg høgde for ein meisekasse er 1,5–2 meter over bakken. Ein starekasse må henge minst 3 meter over bakken.
- Er det mykje hakkespett der du bur, vil ei metallplate rundt holet hindre dei i å angripe fugleungane i kassen.
- Pass på å tømme kassen for reirmateriale kvar vinter, så er den klar for ein ny familie neste vår.

FUGLEKASSE TIL STARE

≡ DETTE TRENG DU ≡

- Ein planke som er ca 15–20 cm brei, 2 cm tjukk og 180 cm lang.
- Måleband/tommestokk og sag
- Hammar og spiker, eventuelt skruar
- Drill med bor på 5 cm
- Ståltråd


≡ SLIK GJER DU ≡

1. Mål og sag opp planken som vist på figuren.
2. Spikre eller skru saman veggane.
3. Bor hol i den eine vegggen.
4. Ta mål av kor store bitane til golv og takfeste må vere for å passe inni kassen. Sag til.
5. Spikre eller skru fast golvet inni kassa, fest takfestet på taket.
6. Slå ein spiker litt inn i vegggen på kvar side av kassen og bruk dei til å feste ein ståltråd over taket så det ikkje bles vekk.
7. Heng opp kassen ved bruk av ståltråd eller skruar.



Ein kjøttmeisfamilie et over 10 000 insekt i løpet av tida dei bur i fuglekassen? Og at fuglekassar blir brukt i økologisk epleproduksjon for å hindre mark i epla? Småfuglane er med å oppretthalde ein fin balanse i hagen og naturen.

SETT NEDANFRÅ



HOL
5 CM



MAT FUGLANE OM VINTEREN

Vinteren kan vere hard for mange av fuglane som overvintrar i Noreg. Tilbyr du småfuglane mat hjelper du dei med å klare seg gjennom vinteren. I tillegg sørger du for at dei er i god form til den travle hekkeperioden om våren. Mating av fuglar ein fin hobby, der ein kan bli kjent med dei ulike fuglane og korleis dei lever.

KVA KAN DU FÔRE MED? OG KVEN LIKER KVA?

.. MEISEBOLLAR ..

Kjøttmeis, blåmeis, svartmeis, svarttrast, grøn-sisik, flaggspett

.. SOLSIKKEFRÔ ..

Kjøttmeis, blåmeis, bokfink, grøn-fink, bjørkefink, spettmeis, dompap, flaggspett

.. BRÔDSMULAR OG HAVREGRYN PÅ BAKKEN ..

Gulspurv, gråspurv, pilfink, stare, svarttrast, skjære, kråke

.. JORDNÔTTER (UTAN SALT!) ..

Sisikar, grøn-fink, spettmeis, flaggspett, stjertmeis

.. FRUKT SOM EPLE, PÆRE OG ROSINER ..

Traster, meiser, si-densvans, dompap, raudstrupe

.. SPEKK / USALTA FEIËT ..

Meiser, spettar, nøtteskrike, pilfink, trekrypar


.. TULENEK ..

Gulspurv, gråspurv, pilfink



⇒ TIPSTIL DEG SOM MATAR FUGLANE ⇒

- Plasser maten ein plass fuglane har oversikt, men likevel kort avstand til gøymeplassar i trær og busker.
- Ta plastnettingen av meisebollar og plasser bollane i ein haldar. Då hindrar du både plast på avvege i naturen, og at større fuglar stikk av med heile meisebollen.
- Lag store heimelaga meisebollar viss du skal reise bort, så varar maten lenge.
- Nytt foringsautomat for å redusere spreining av sjukdom.
- Brukar du tradisjonelt fuglebrett, må det vaskast ofte for å hindre sjukdom. Også foringsautomatar bør vaskast ein gong i blant.
- Gje aldri fuglane mat som er mygla eller som inneheld salt.
- Plasserar du maten ein plass det er lett for deg å sjå den, kan du få mykje glede av å følge med på fuglevivet.



OPPSKRIFT MEISEBOLLAR

⇒ DETTE TRENG DU ⇒

- ½ kilo Delfiafeitt eller Flott plantefeitt
- 200 gram sammalt kveitemjøl
- 100 gram havregryn
- 150 gram hakka nøtter (utan salt!)
- 200 gram solsikkekjernar
- Hyssing
- Former til å lage meisebollane i

⇒ SLIK GJER DU ⇒

1. Smelt feittet på svak varme
2. Bland inn resten av ingrediensane
3. Ha massen i former (t.d. mjølkekartong, kremmarhus av avisapir eller pepperkakeformer). Pass på å støype hyssing til oppheng inn i massen, gjerne midt gjennom heile forma så den sitter godt.
4. La stivne og heng opp.



GULSPORV

Emberiza citrinella

Gulsporven kan bli ein trufast gjest på fuglebrettet viss du matar med havregryn og brødsmular. Den set også pris på det tradisjonelle juleneket. Gulsporven er litt større enn ein gråsporv og skil seg klart frå den på sine gule og brune fargar. Den har ein lett gjenkjenneleg song om våren, der det høyrast ut som den tel til sju. Tidlegare var gulsporven vanleg frå Sørlandet til Finnmark, men sidan 60-talet har talet på fuglar gått kraftig ned. Den er derfor «sårbar» på den norske raudlista.



BYGG EIN FLAGGERMUSKASSE

VI SSTE DU AT

Det finst faktisk vampyrflaggermus, men ikkje i Noreg. Her er alle flaggermusene heilt ufarlege insektsetarar som hjelper oss å halde myggen i sjakk.

Flaggermus er nyttige og fascinerande dyr å ha i hagen. Ei enkelt flaggermus fangar fleire tusen insekt per døgn. Betre myggfangar får du ikkje. Dessverre er fleire av flaggermusene våre trua fordi vi har øydelagt leveområda deira. Du kan hjelpe på bolignøden til flaggermusene ved å snekre og henge opp ein flaggermuskasse. Det er ikkje vanskelegare enn å snekre ein fuglekasse, og det er store sjansar for besøk.



BREDØRE

Barbastella barbastellus

Sist sett i ein tunnel i Larvik er dette kanskje den sjeldnaste av våre 12 flaggermusartar. Den skil seg frå dei andre artane på dei breie øyrene. Den har eit vingespenn på 28 cm, men veg ikkje meir enn 14 gram! Den har ein veldig smal diett og lever hovudsakleg av små nattaktive sommarfuglar. I Noreg er bredøre kritisk trua, og den er sjeldan også i resten av Europa.

SLIK BYGGER DU FLAGGERMUSKASSE



Ein flaggermuskasse kan likne på ein flatklemt fuglekasse utan hol. Opninga er i staden under kassen. Flaggermusene likar å ha det trengt, og ein opning på 2 cm passar dei fleste. Du snekrar kassen saman av to plankar med to lister mellom for å danne opninga på 2 cm. Bakveggen stikk litt lenger ned enn forveggen, og har riller for at flaggermusene skal kunne klatre inn.

≡ DETTE TRENG DU ≡

- Ein ubehandla planke som er ca 20-30 cm brei og 120 cm lang
- Ei smal list som er 2 cm tjukk og 1 meter lang
- Måleband/tommestokk og sag
- Hammar og spiker, eventuelt drill og skruar

≡ SLIK GJER DU ≡

1. Mål og sag opp planken og lista etter måla på figuren.
2. Lag riller langs heile den lengste plankebiten som skal danne bakvegg, med ei sag, ein kniv eller ein fres.
3. Spikre eller skru saman dei to plankane med lister mellom, slik at det blir eit to cm smalt mellomrom mellom plankane.
4. Fest den kortaste plankebiten oppå som tak.
5. Beis kassen svart på utsida for at den skal bli varmest mogleg. Ikkje beis innvendig!
6. Heng kassen høgt oppe på husveggen eller ein trestamme der den får masse sol.



HAGE UTAN GIFT



Brukar du sprøytemiddel og andre giftige stoff i hagen, kan du forureine vatn, jord og luft. I tillegg risikerer du å drepe ikkje berre ugras og insekt som gjer skade i hagen, men også nyttedyr som mariehøner, meitemark, bier og blomsterfluger. Med litt tolmod og kreativitet går det fint å klare seg utan sprøytemiddel. Målet er ein naturleg balanse.

DETTE KAN DU GJERE

PRØV SAMPLANTING

Urter, tagetes, ringblomst og kvitlauk har lukt og farge som kan verke forvirrende og dempe skade frå ein del insekt dersom du planter dei innimellom dei plantene som ofte blir angrepne.

PLUKK VEKK SKADEDYR

Ofte har skadeinsekta sine favorittplassar, som bladlus som samlar seg på unge roseknoppar. Finn du gøymestadane, kan du avgrense problemet ved å plukke eller stryke dei vekk. Ein kraftig stråle frå hageslangen er også effektivt.

BRUK FIBERDUK

Ein lys fiberduk over plantene gir effektiv skydd mot kålfluge, kålsommarfugl, gulrotfluge og jordlopper i kritiske periodar, og er essensielt viss du dyrkar kålplanter i kjøkkenhagen.

LAG DINE EIGNE "SPRØYTEMIDDEL"

Dersom angrep av bladlus er plagsamt, kan du prøve å sprøyte med denne blandinga: 5 liter vatn, 1 1/2 dl rapsolje, 1 dl grønsåpe, 1/2 ts bakepulver og 1 dråpe handoppvaskmiddel.

UNNGÅ UGRASMIDDEL

Tenk over om det er nødvendig å fjerne alt «ugras». Løvetann er viktig humlemat, og brennesle er heimen til fleire sommarfuglar. Luking er god trening, og kokande vatn kan også vere effektivt. Dekk open jord med grasklipp, bark eller duk for å hindre ugras.

BEKJEMP BRUN SKOGSNIGEL

Brun skogsnigel er ein framand art som har få naturlege fiendar i Noreg. Ein snigel kan legge opp til 400 egg, og den er ei stor plage mange stadar. Her er miljøvennlege tips til korleis du kan halde den i sjakk.

- Fjern skjulestader og hald hagen ryddig, spesielt der det er fuktig.
- Kjøp eller lag fysiske barrierar i form av sniglegjerder rundt dei plantene eller delane av hagen som er mest utsett.
- La ei plukkerunde i hagen i skumringa bli rutine. Bruk ein liten spade eller ei saks til å dele sniglane i to, eller plukk dei i ei bøtte og tøm kokande vatn over. Unngå å bruke salt.
- Lag sniglefeller av nedgravne boksar med øl, eller legg ut åte, som oppklippa daude sniglar og hundemat, slik at sniglane samlar seg og det blir lettare å plukke dei.
- Legg til rette for dei naturlege fiendane, som frosk, padder, pinnsvin og fugl. Kanskje kan du lage ein hagedam?
- Bytt frå open til lukka kompostbeholdar der sniglane ikkje kjem seg inn.
- Let etter snigleegg i august og september, og sjekk jord og planter du kjøpar. Dei er runde, cirka 4 mm i diameter, mjølkekvite og ligg ofte i klynger på 20-30 egg. Hell kokande vatn over egga du finn.



Takk for at du tek vare på naturen, sjølv livsgrunnlaget vårt.
Om vi alle gjer litt, kan vi saman utgjere ein stor forskjell.
Naturvernforbundet er Noregs eldste natur- og miljøvern-
organisasjon med over 43 000 medlemmer og 120 fylkes- og
lokallag i heile landet. Vi jobbar kvar dag for å redde natur,
stoppe klimaendringane og gjere det enklare å leve miljøvennleg.
Med deg med på laget kan vi få til endå meir!

Bli medlem i Naturvernforbundet:



Naturvernforbundet

